



Statens vegvesen - Region Vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Dato: 08.02.2018
Vår ref.: 2015/687-24
Saksbehandlar: liztoll
Dykkar ref.:

Løysing etter dialogmøte om detaljplan 276 for fylkesveg mellom Slettebrekka - Hetlevik / plan 250 Nipa

Bakgrunn

Planarbeidet med vegplan for Slettebrekka – Hetlevik har vrt jobba med sida 2008, da stigningsforholda og linjeføringa i tunnel måtte endrast som følge av tunnelforskrifta, og ein såg at gjeldande reguleringsplan måtte reviderast for å realisere vegen. Hordaland Fylkeskommune varsla i brev av 19.12.2017 mogleg motsegn til planen, og ba om eit drøftingsmøte med forslagstiller og Askøy kommune.

Fylkeskommunen varsla mogleg motsegn til planen grunna manglande sikring av landskapstilpassing for veg og omsyn til automatisk freda kulturminne (Askeladden id 91777), i grense til planområdet.

Kulturminne

Sydaust på Plankart R04 viste formål veg, fortau og *annet vegareal* i grense til eit automatisk freda kulturminne, Askeladden id 91777. Det vart opplyst underveis at det er planlagt kantstopp for buss i denne sona, og at det derfor er naudsynt med fortau og areal avsett til veggrunn for å kunne ta opp terrengforskjeil.

Frå fylkeskommunens side var det ikkje ønska nokre type tiltak nært det automatisk freda kulturminnet, og fylkeskonservator meldte i ein tidlege høringsfase i frå at vi ønska kulturminnet inkludert i planen, med omsynssoner for bandlegging og bevaring. Fortau og kantstopp med nokså frie fullmakter for transformasjon i grense til kulturminnet ville være i konflikt med omsynet til kulturminne, då inngrep i terrenget kan medføre skade på og forringe opplevinga av kulturminnet.

SVV har vurdert fleire alternative lokaliseringar for kantstopp, men valde løysning var mest hensiktsmessig på grunn av nærleik til eksisterande bustadområde. Kantstoppet som er planlagt er i revidert planframlegg redusert med ca 5 meter som reduserer påverking på nemnde kulturminne.

Framlegget tillet berre naudsynte inngrep i området rundt automatisk freda kulturminne og har også presisert behovet for endring av tekst i fellesføresengene; § 2.5 i det opprinnelege føresegnene er blitt endra til *Dersom det under anleggsarbeid framkommer automatisk fredede kulturminner, må arbeidet straks stanses og fylkeskonservatoren varsles, jf. kulturminneloven § 8, 2. ledd.*

I grensa til det automatisk freda kulturminnet har feltet *anna veggrunn* fått si eiga nummerering (o_SVG5) med eigne føresegner som legg føringar for eit avgrensa handlingsrom for tiltak i denne sona; § 5.4.4 *Innenfor o_SVG5 tillates etablering av grøfter og murer for at vegens funksjon skal ivaretas. Ved anleggsgjennomføring skal arbeider som graving, sprenging m.m skje på en slik måte at det ikke kommer i konflikt med kulturminne. Alle tiltak i formålet skal sendes til fylkeskonservatoren for vurdering.*

I arealet mellom det nedkorta kantstoppet og kulturminnet er det lagt ei eiga omsynssone kor det framkjem at det berre er avgrensa tiltak som kan gjennomførast her; § 7.5 *Bevaring kulturmiljø (H570) Heller fra*

jernalderen med id. 91777 skal ivaretas. Innenfor området skal det ikke gjøres tiltak som kan skade kulturminnet eller fremkalte fare for at dette kan skje.

Landskap

Massehandtering har vært drøfta. Det er planlagd å deponere delar av overskuddsmassane frå tunnel og skjeringar frå byggearbeida både mellombels og permanent innanfor planområdet. Noko er planlagd anvendt til turparkering vist i plankart R03. Det er positivt at det vert tilrettelagd for parkering for turgåare, men fylkeskommunen påpeika i sitt fråsegn at det var uheldig for landskapsvirkninga med fyllinger av den dimensjonen som forslaget la opp til og ba om at SVV gjorde ei ny vurdering på omfanget av utfyllinga som var vist i framlegget. Revidert framlegg har redusert omfanget av fyllingane vist i plankart R03 (o_SVG) og har avgrensa areal avsett til anna veggrunn (o_SVG, #4). Fylkeskommunen etterlyste i si fråsegn at dei visuelle kvalitetane til anlegget vart sikra betre, og revidert framlegg har lagt til følgande fråsegn i § 2.4:

2.4 Landskap og tilpasning av terreng

Arkitektonisk kvalitet og helhet skal vektlegges i prosjektet. (...)

Det har vore 2 drøftingsmøter med forslagstiller og Askøy kommune i etterkant av høyringa, 10.01 og 30.01.2018. Forslaget har blitt tilstrekkeleg utbetra og fylkeskommunen kan trekke sitt varsel om motsegn. Endringane har medført endringar i plankart, skildring og føresegner som beskrive ovanfor. Det er stilt krav til arkitektonisk kvalitet i utforming av veganlegget, og det er etablert omsynssoner med føringar i området som grenser til kulturminnet.

Vi takkar for ein god arbeidsprosess rundt endringane i framlegget.

Eva Katrine R. Taule
fagleiar kommunal plan

Liz Eva Tøllefsen
saksbehandlar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi til:
ASKØY KOMMUNE
Ambjørg Reinsnos